



VANG KOMMUNE

Ordføreren

Vang 09.02.18

Pasienttransport Vang kommune

Frå 1. februar 2018 har ikkje Sykehuset Innlandet hatt ei fungerande avtale med transportør for pasientreiser i Vang kommune.

Pasientreiser har orientert om at pasientar no må betale for reiser sjølve og søkje refusjon via helsenorge.no. Pasientreiser oppmoda kommunen om å stille ein økonomisk garanti overfor lokal transportør, for pasientar som ikkje har økonomi til å betale for si reise.

Kommunen må då få eit oppgjær direkte frå pasientreiser.

Vang kommune meiner det er heilt urimeleg og uakseptabelt at pasienten skal bli påført økonomisk ansvar for at Sjukehuset Innlandet ikkje har operativ avtale med transportør i Vang kommune.

Ei reise med drosje Vang-Gjøvik vil koste minimum kr 4000,- tur til legevakt, som er på Fagernes kostar mellom kr. 1000,- og 2000,-, og reise for pasient med rullestol innan Vang kommune kostar til dømes kr. 1700,-

Kommunen har foreslått løysingar for SI; Sjukehuset Innlandet forlenger den gamle avtalen med transportør i påvente av ei løysing med ny avtale / transportør.

Alternativt at pasient betaler eigenandel som normalt, og transportør fakturerer pasientreiser. SI har ikkje lukkast i å få til nokon av desse løysingane.

SI har i dag (9.2) informert Vang kommune om at det frå måndag vil vera stasjonert ein pasienttransport bil «kvit ambulanse» i Ryfoss. Denne vil bli brukt for transport av pasientar til planlagt behandling ved sjukehus. SI vonar at dette vil avhjelpe situasjonen noko. For pasienttransport innad i Vang, vil den skisserte ordninga med at pasienten sjølv organiserer / betaler reisa gjelde.

Situasjonen i Vang er, etter ei veke utan fungerande pasienttransportordning, at det er pasientar som har avlyst behandlingsavtaler. Legekontor og fysikalsk institutt melder at mange pasientar ordnar transport privat, eller tek kostnaden med å legge ut. Pasientane melder likevel at dei ikkje kan gjere dette over tid. Refusjonsordninga til pasientreiser er heilt klart ei utfordring, spesielt for eldre pasientar. Det er difor usikkert om pasientane greier å søkje refusjon.

Ryfoss Taxi melder om redusert etterspurnad på langturar, og pasientreiser melder at der er færre returreiser til Vang.

Trass i dialog med SI/pasientreiser, vil Vang kommune rette bekymring til styret i SI. Me meiner det ikkje er akseptabelt at pasientane skal bli pålagt utgifter og meirarbeid når SI har eit klart ansvar for pasienttransport.

Vang kommune forventar difor at SI tek sitt ansvar, og finn ei umiddelbar løysing der pasientane ikkje blir skadelidande, slik me opplever dei blir no.

Mvh

Vidar Eltun
Ordfører i Vang kommune
Tlf: 61369405 – 91723502
E-post: vidar.eltun@vang.kommune.no

